



Saksbehandlar: Anne-Kjersti Stavø Stenehjem, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 18/5610-1

## **Høyringsuttale frå fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne - regional strategisk plan for kysten**

### **Forslag til uttale:**

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne, dei kommunale råda og brukarorganisasjonane må involverast slik at menneske med nedsett funksjonsevne vert ivaretakne. Dette gjeld spesielt i samband med strategiområda; etablere eit kystråd og knyte saman kysten med betre infrastruktur. Det er viktig med brukarmedverknad. Vi er oppteken av at planen tek i vare universell utforming.

### **Vedlegg:**

Regional strategisk plan for kysten 2018 – 2029  
Kunnskapsgrunnlag  
Saksframlegg  
Protokoll

## **SAKSFRAMSTILLING**

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune vedtok i møte den 7. mars 2018 (FU-sak 26/2018) å legge utkast til «Strategisk plan for kysten Sogn og Fjordane 2018 – 2029» ut til offentleg ettersyn.

Hovudmålet for den strategiske planen er «Ein kystregion som er attraktiv, med folkevekst, vekst og berekraft i næringslivet og mange gjestande». Dei fire satsingsområda er:

- Etablere eit kystråd
- Ta styringa i kampen om sjøareaala
- Knyte saman kysten med betre infrastruktur
- Auke skaparkrafta og evna til nyskaping

Som vedlegg til strategidokumentet er det utarbeida eit kunnskapsgrunnlag. Vi ber om innspel og merknader til strategidokumentet og kunnskapsgrunnlaget. I planarbeidet er det gjort ei betydeleg «spissing» med omsyn til kva tema som skal prioriterast. Det har vore semje om at «planen må peike framover, men ikkje kan løyse alt».

Høyringsfristen er 24. april 2018.